
Fra: Bente Kopperdal Hervik
Sendt: mandag 9. april 2018 11.43
Til: 'Arne Hoeyland'
Emne: SV: bok om kystkulturen i Nordhordland

Hei, og beklager sein tilbakemelding!

Radøy kommune fordeler midlar til ulike tiltak innan kulturfeltet gjennom ordninga prosjekt- og aktivitetsstøtte. Søknadsskjema for ordninga finn du her:

<https://skjema.kf.no/FormsEngine/Home/FrontPage?wizardid=4609&resultsetindex=1&externalid=1260&languagecode=nn> Eg vil gjera merksam på at det normalt vert det ikkje gjeve støtte til privatpersonar gjennom denne ordninga, og eit eventuelt tilskot til eit slikt prosjekt må difor opp til politisk handsaming. I ein slik søknad er det naudsynt at det ligg ved ein prosjektplan og eit fullstendig budsjett som også omfattar utgifter til trykking og venta inntekter. Det er søknadsfrist heile året på denne ordninga.

Eg vil elles oppfordra deg til å ta kontakt med dei lokale sogelaga for å høyra om dei kan vera interesserte i eit samarbeid. Eit slikt samarbeid kan kanskje lettare utløysa midlar .

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål.

Med venleg helsing
Bente Kopperdal Hervik
Rådgjevar kultur
Radøy kommune
Tlf. 56 34 90 12

Fra: Arne Hoeyland [<mailto:arhoy@online.no>]
Sendt: fredag 23. mars 2018 10.49
Til: Eirik Bouwer Utne; Bente Kopperdal Hervik; Alf Magnar Strand; Bente Ingunn Skjerping; Ole Johnny Domben
Emne: bok om kystkulturen i Nordhordland

Til orientering dersom de ikkje har sett denne eposten

Helsing
Arne Høyland

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Re: bok om kystkulturen i Nordhordland

Dato:23.03.2018 08:02

Fra:Arne Hoeyland <arhoy@online.no>

Til:ingebjorg.vamrak@fedje.kommune.no, post@austrheim.kommune.no,
postmottak@radoy.kommune.no, postmottak@meland.kommune.no,
postmottak@lindas.kommune.no, post@masfjorden.kommune.no,
post@vaksdal.kommune.no, post@osteroy.kommune.no,
postmottak@modalen.kommune.no

Hei

I går fekk eg svar frå Lindås kommune om deira interesse for deltaking i bokprosjektet, det verkar ikkje som Lindås er spesielt interessert, dei viser berre til tilskotsordningar ein kan søkja på

innkomne svar kan lesast på denne bloggen

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

No ventar eg på svar frå desse kommunane

Meland ,Radøy, Osterøy, Masfjorden, Vaksdal

Det kan vera eit problem i kommunane at det er mange i administrasjonen som har lite kunnskap om kystkulturen i Nordhordland og difor ikkje ser at det er noko spesielt å skriva om. Eg legg difor ved lenke til nokre rapportar som vart skrevne etter Båt og sjøbruksregistreringane i Nordhordland i 1995 der utgangspunktet var ein plan for vern av kystkulturen i Nordhordland. Dette registreringsprosjektet vart igangsett av Hordaland Fylkeskommune men dei omfattande registreringane og planen om vern av kystkulturen vart aller gjort noko med av fylkeskommunen.

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

Helsing

Arne Høyland

Den 22.03.2018 08:23, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Syner til epost frå meg den 25.02.2018 som gjeld bok om kystkulturen i Nordhordland. Førebels har Fedje kommune kome med eit positivt svar og eg har var i møte med Modalen kommune i går og dei tykkjer også at dette er ein god ide. Det ville difor vera fint om dei andre tilskrevne kommunane vil svara meg slik at eg veit kven som kan vera interesserte i å sjå nærare på prosjektet.

Helsing

Arne Høyland

Den 25.02.2018 23:15, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Under Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss på 1990-talet vart det gjort mange intervju om bygningar, båtar, reiskapar, ord og uttrykk og levemåten i gamle dagar. Sidan eg har kopi av alle registreringane er det lett for meg å samla alle intervju i ei bok om det skulle vera av interesse. Då ville det vera naturleg at kommunane i Nordhordland og Voss gjekk saman om ei slik bok. Eg gjorde også ein del intervju i samband med registrering av grindbygde hus i Nordhordland og kunne eventuelt også ta med desse intervju i boka.

Eg tek gjerne eit møte med kommunane om dette skulle vera av interesse.

Helsing

Arne Høyland